

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.08.2010
Sakhandsamar: Johnny Heggstad
Saka gjeld: **HELSE2020 – Revidering 2011 - 2015**

Styremøte 01.09. 2010

Styresak 097/10 B

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF sluttar seg til prosess og framdrift for revidering av Helse2020 for perioden 2011-2015.

Oppsummering

Den overordna verksemdplanen i Helse2020 er konkretisert med tiltak for perioden 2007-2011. Det er difor no tid til å gjennomføre ei revidering av planen med oppdatering av tiltaksplanen for ein ny periode, frå 2011 til 2015.

Hovudmålet med revideringa er å oppdatere tiltaksplanen for ein ny periode basert på visjonen og dei verdiar og mål som ligg i planen samt dei endringar som har skjedd i perioden i forhold til grunnlagsdokumenta bak strategien, utviklinga i det enkelte helseføretak og i føretaksgruppa samla.

Fakta

Den overordna verksemdplanen i Helse2020 er konkretisert med tiltak for perioden 2007-2011. Det er difor no tid til å gjennomføre ei revidering av planen med oppdatering av tiltaksplanen for ein ny periode, frå 2011 til 2015.

Under gjennomføringa av Helse2020 vart det levert til saman ni ulike rapportar og delutgreiingar. Seks av desse kom frå breitt samansette faggrupper internt i føretaksgruppa:

- Faggruppe 1 Framtidas tenestetilbod
- Faggruppe 2 Kvalitet i helsetenesta
- Faggruppe 3 Prioritering
- Faggruppe 4 Helse, medisinsk metode og teknologi
- Faggruppe 5 Effektivitet og kvalitet i servicefunksjonar
- Faggruppe 6 Økonomi, insentiv og styringsmekanismar

I tillegg vart tre delutgreiingar utarbeidde av konsulent og interne rådgjevarar:

- Utgreiing 1 Demografi og epidemiologi
- Utgreiing 2 Arbeidsmarknaden for helsepersonell
- Utgreiing 3 "Den bevisste pasienten"

Helse2020 er forankra i styrevedtak i styra i føretaksgruppa. Det vart i forkant av styrevedtaka gjennomført ein brei forankringsprosess både internt i føretaksgruppa og eksternt i regionen, blant anna gjennom fleire storsamlingar. Ei eiga høyring blei også gjennomført.

Både dei eksterne og interne utfordringane og moglegheitene Helse Vest står overfor er i kontinuerleg endring. Dette stiller oss som føretaksgruppe overfor strategiske og operasjonelle vegval som må tydeleggjerast og prioriterast. Vi meiner å ha eit godt utgangspunkt gjennom arbeidet som vart gjort med utarbeidinga av Helse2020 for vél fire år sidan.

Når vi no vil fornye strategiarbeidet gjennom ei revidering/oppdatering av Helse2020 må vi også gå gjennom dei ni grunnlagsdokumenta for å sjekke ut desse. Vi reknar med at det meste framleis gjeld men vil også gjere ei revidering av desse der utviklinga tilseier det.

Kommentarar

Om mål og avgrensingar

Hovudmålet med revideringa er å oppdatere tiltaksplanen for ein ny periode basert på visjonen og dei verdiar og mål som ligg i planen samt dei endringar som har skjedd i perioden i forhold til grunnlagsdokumenta bak strategien, utviklinga i det enkelte helseføretak og i føretaksgruppa samla.

Delmål i samband med revideringa vil vere:

- Beskrive status for framdrift og innhald i forhold til gjeldande plan
- Sjekke ut og eventuelt oppdatere status for dei aktuelle grunnlagsdokumenta, kva som eventuelt har endra seg og kva som eventuelt har blitt mindre relevant
- Avklare om det er nye tema som no er aktuelle å ta inn i planen
- Sluttleveranse: Revidert strategi med oppdaterte tiltaksområde for perioden 2011-2015

Effekt mål vil vere:

- å sikre ein fortsatt felles og omforeina føretaksplan for heile føretaksgruppa og som utgjør grunnlaget for vidare operasjonalisering og strategiar ute i dei enkelte verksemdene
- å sikre ein truverdig plan som gir tilslutning og tryggleik hos brukargruppene og i samfunnet elles og som er i samsvar med eigarkrava

Revideringa av Helse2020 tek utgangspunkt i at visjon, verdiar og dei overordna måla står ved lag. Grunnlagsdokumenta skal ikkje lagast på nytt, men *reviderast*. I det ligg å sikre at dei framleis er relevante og fagleg oppdaterte, og dekkar dei viktige utfordringane og moglegheitene Helse Vest står overfor i dei kommande åra.

Helse2020 er laga i ei overordna form der detaljeringa skjer i prosjektgjennomføringane og i operasjonaliseringa av planen i det enkelte helseføretaket. Vi ser på dette som ei rett tilnærming også for den føreståande revideringa av planen.

Prosjektet er såleis tenkt gjennomført i mindre omfang og skala enn den opphavlege gjennomføringa av prosjekt Helse2020. Det vil likevel vere avgjerande med god og tilstrekkeleg involvering og kommunikasjon med dei ulike interessentgruppene både internt og ekstent. Det er særleg viktig å sikre legitimitet gjennom god deltaking frå føretaka, då realiseringa av tiltaka i planen i stor grad må skje gjennom desse.

Med eit nedskalert prosjekt vil ein såleis spesielt vere avhengig av god dialog og involvering med leiargruppene i føretaka gjennom prosessen og at desse i sin tur involverer tilstrekkeleg i eigen organisasjon.

Om nytte og kostnad

Erfaringa med Helse2020 er at dette dokumentet har vore tillagt reell vekt ute i den samla verksemda. Dette heng truleg saman med at dokumentet både vert oppfatta som relevant, og at prosessen var brei og involverande. Sjølv om ein her legg opp til ein noko meir avgrensa prosess, og at ein byggjer på mykje av materialet frå utarbeidinga av Helse2020, vil nettopp det faktum at dokumentet vert revidert vere med og sikre at dette framleis er eit levande, retningsgjevande dokument som har legitimitet.

Dette føreset at organisasjonen og omgjevnadane framleis opplever innhaldet som relevant og fagleg truverdig, og at det er ei viss grad av involvering frå bidragsytarar med rett kompetanse i forhold til problemstillingane. I den tilnærminga som her er valt, er samla ressursinnsats relativt avgrensa. Det let seg ikkje gjere å kvantifisere nytten organisasjonen har av å revidere Helse2020. Det er likevel vår oppfatning at det å ha eit samlande, retningsgjevande dokument å styre etter har ein svært stor verdi for Helse Vest, og at nytten av dette forsvarar projektkostnadane med god margin.

Det er samtidig viktig å understreke at om ein ikkje lukkast med å revidere Helse2020 på ein måte som vidarefører tilliten og legitimiteten til dokumentet, vil arbeidet kunne ha negativ nytte. Revideringa av Helse2020 er planlagt gjennomført innanfor ei kostnadsramme på 1,5 MNOK.

Om gjennomføring

Prosjektet blir delt inn i følgjande fire fasar:

Fase 0 er oppstart av prosjektet med godkjenning av prosjektdirektiv med forankring og vedtak i styringsgruppa og styret for Helse Vest RHF.

Fase 1 er nødvendig for å sjekke ut om endringar og eventuelt kva som har endra seg i forhold til dei grunnlagsdokumenta som Helse2020 byggjer på. Vi vil, som eit resultat av denne fasen, lage ein revidert versjon av kvart av grunnlagsdokumenta.

I fase 1 må vi også gå gjennom med leiargruppene i føretaka oppdatert status og det reviderte utfordringsbiletet som ein no skal angripe for å lage revidert plan. Dokumentasjon og erfaringar frå lokale (HF) og regionale (e.g. Felles EPJ) strategiprossar kan takast inn her.

Fase 2 inneheld to hovudelement, ein analyse av funna frå fase 1 samt gjennomføring av arbeidsmøte med interessentane. Møta med interessentane skal både innehalde oppdatert status samt dialog om innspel til reviderte tiltak.

Fase 3 summerer opp alle funn og her blir det utarbeidd forslag til revidert plan. Også i denne fasen er forankring og dialog med alle leiargruppene viktig før endeleg forslag blir overlevert til styringsgruppa og styret for høyringsrunde og endeleg godkjenning.

Konklusjon

Prosjektet er utarbeida med ei stram gjennomføring i tid, og med følgjande milepelsplan:

Milepæl	Dato
M01: Oppstart i styringsgruppa	20.08.2010
M02: Forankring i styret for Helse Vest RHF	01.09.2010
M10: Når oppdatert status er beskriven og forankra i føretaksgruppa	30.09.2010
M20: Når arbeidssamlingar er gjennomført i alle HF/ alle opptaksområde	01.11.2010
M30: Første utkast til revidert plan	22.11.2010
M31: Når utkast er diskutert og forankra med alle leiargruppene	15.12.2010
M32: Revidert plan godkjent i styringsgruppa	21.12.2010
M33: Når styret har godkjent planen for høyring	Jan/feb 2011
M34: Når eventuell høyring er gjennomført	Feb/Mar 2011
M35: Revidert plan godkjent i styret	Mar/Apr 2011